
Fra: arvidva@netscape.net
Sendt: 21. juli 2016 14:44
Til: Postmottak Meland
Emne: Innspel til ny kollektivterminal på Flatøy

Kategorier: Blå kategori; Grønn kategori

Hei,

Eg har sett i avisene at kommunen arbeider med ny kollektivterminal på Flatøy med parkering og kai for snøggbåt.

Eg er busspendlar mellom Knarvik og Bergen og bussen (linje 320) køyrer oftast nedom Flatøy terminal.

Denne terminalen er svært ineffektivt utforma ved at bussen lyt svinge rundt og i slalåm mange gonger for å kome seg inn og ut av terminalen. Det kostar i snitt 3-4 minutt ekstra og det utgjør over 10% ekstra reisetid til Bergen på berre eit stopp.

Mitt forslag er at ny terminal blir laga slik at bussen svingar minst mogeleg ved at terminalen er på begge sider av E39, og at det er passasjerane som kryssar under E39 i gangveg istadenfor at det er bussen som skal krysse E39 to gonger på veg til Knarvik. Sjørover køyrer bussen først forbi heile terminalen for så å svinge 180 grader og køyre tilbake eit par hundre meter i slalåm, deretter ny kuvending, slalåm og rundkøyring og så omsider ut på E39 igjen over Nordhordlandsbrua. Ny terminal bør utformast slik at sørgåande buss køyrer direkte inn på terminal med minst mogeleg svinging, slik den gjer på Klauvaneset.

Dersom dette innspelet høver seg best for politisk avdeling i kommunen, ber eg om at det blir vidareformidla dit.

mvh Arvid
Busspendlar